



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 09.02.2022
Møtestad: Flodmaal
Møtetid: 09:30 - 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	Meldt forfall
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall
Håvard Engeseth	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Robert Helland	SO	Varamedlem	Vara for Håvard Engeseth
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	Vara for Liv Anne Aanensen
Marit Kristin Nese	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2022	Godkjenning av møteprotokoll
003/2022	Orienteringssaker
004/2022	Tildeling av kommunale kompensasjonsmidlar - del 1 2022

Notat frå møtet:

001/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2022: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

003/2022: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar orienterte om at han ynskjer å få utført ein ekstern gjennomgang og utgreiing av habilitet av alle i kommunestyret og alle varamedlemer, i høve ei potensiell handsaming av vindkraftsaker i kommunestyret. Han la vekt på at dette er viktig å få avklart heilt frå starten av dersom Norsk Vind si melding som ligg hjå NVE vert sendt på høyring eller at konsekvensutredning vert vedteke av NVE. Formannskapet slutta seg til å få dette utgreidd og presentert for kommunestyret.

Rådmannen orienterte om at kommunen i samarbeid med geolog og fjellsikringsfirma no planlegg pålagt arbeid med bolting og evt nettsikring av fjellsida bak Bryggjeslottet. Dette er steg to i arbeidet med rassikring av fjellsida, etter at renskearbeidet vart fullført før jul. Foreløpig er kostnaden med bolting estimert til ca 2,5 mill kr, men dette er høgst usikre tal. Steg tre i arbeidet er evt utbetring av rasvollen ved fjellsida. Alt arbeidet med rassikring bak Bryggjeslottet er naudsynt i høve bruksløyve på bygget.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

004/2022: Tildeling av kommunale kompensasjonsmidlar - del 1 2022

Behandling:

ordfører og rådmannen orienterte kort om søknadane og kompensasjonsordninga.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune løyver følgande i tilskot i samband med kommunal kompensasjonsordning del 1 2022:

Mobryggen Drift AS, kr. 237 760,-

Nese Media, kr. 8000,-

Aanesen språk, guiding og kurs, kr. 9240,-

Løyvingane vert gjevne som bagatellmessig stønad, og utbetaling vil finne stad fortløpande.
